



Geir Mehl  
Oferdalen 32  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/717 - 21/15494

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
18.03.2021

## Svar på spørsmål knytt til mangelbrev - gbnr 188/611 Gjervik ytre

Syner til e-post frå dykk 02.03.2021 med spørsmål knytt til mangelbrev i saka. Du ynskjer svar på nokre spørsmål sånn at du har moglegheit til å senda inn ein komplett søknad i saka.

### MUA

I mangelbrev av 25.02.2021 opplyser kommunen at gjeldande KDP Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019 – 2031 har krav om MUA. I denne samanhengen, med utgangspunkt i at du har ein sekunderleilegheit i huset, er det for dykkar eigeedom eit krav om MUA på 250 m<sup>2</sup>.

Du opplyse at du ynskjer å fjerne delar av eksisterande plen for plassering av garasje og at tomta har topografiske utfordringar som gjere at ikkje heile tomta kan nyttast til utbygging. Generelt oppfyller ikkje, sånn kommunen skjønner det, tomta i dag kravet til MUA som er komme inn som eit krav til nye tiltak etter du bygde ut din tomt.

Du har moglegheit til å søkja om dispensasjon frå kravet til MUA. Ein dispensasjon må vera grunngjeve i tråd med dei vilkåra som kjem frå i vedlegg til mangelbrev av 25.02.2021. På generelt grunnlag gjere kommunen merksam på at å gje dispensasjon frå krav fastsett i KDP er meir problematisk enn å gje dispensasjon frå ein reguleringsplan der tiltaket er i tråd med KDP.

Ei anbefaling frå kommunen, utan at kommunen kan gje signal om at denne blir godkjent, er å sjå på moglegheita for å byggja garasje på eksisterande parkeringsplass. Samstundes kjem dette i konflikt med punkt 2 i mangelbrevet av 25.02.2021, og du må eventuelt søkja om dispensasjon.

### Geolog

I punkt 4 i mangelbrev av 25.02.2021 opplyser kommunen at eksisterande eigeedom er omfatta av faresone H310 i gjeldande KDP. Faresonene er samanfallande med dei som kjem fram på [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no). Når det gjeld garasje er det ei krav om at garasje skal ligge trygt for sikkerheitsklasse S1 som omfattar 100-årsskred, jf. TEK17 § 7-3. Når eit areal er markert som aktomsheitsområde og naudsynt dokumentasjon ikkje ligg føre, skal kommunen etterspørje denne dokumentasjonen for å sikre at tiltaket er i tråd med plan- og bygningslova § 28-1.

*Byggegrense mot sjø*

Kommunen beklagar at du har fått feil tilbakemelding kva gjeld byggegrense mot sjø. I gjeldande reguleringsplan er det lagt inn byggegrense bak huset, men denne er fjerna i gjeldande KDP. Du treng ikkje søka om dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Geir Mehl

Oterdalen 32

5914

ISDALSTØ